

**MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS**

Org. nr. 974371855

Fotlandsvegen 39

5282 LONEVÅG

Tlf. 56193140

05.10.2023

**OSTERØY KOMMUNE**

Teknisk forvaltning

5282 LONEVÅG

**GNR. 110 LAMMANESVEGEN – UTGREIING OM TILTAKET**

Vedlagt er «Søknad om tillatelse til tiltak» for va- anlegg på gnr. 110 bnr. 1, 56, 64, 75, 76, 82, 84, 85, 86 og 96.

**Bakgrunn,**

Raknes Vassbyggjarlag med fleire, har engasjert oss for å etablere felles vass- og avlaupsanlegg for ein del eigedomar på Lammaneset. Det er i dag ein felles vassleidning som ikkje held dagens standard og har ført til lekkasjar mm. Det er også lite overdekking på leidningen. Fleire eigarar på Lammaneset ønskjer også å kople seg til kommunalt avlaup. Me vil derfor etablere pumpestasjon på 110/76 med fall leidning frå Lammanesvegen.

**Tiltaket****Vassleidning**

Istadenfor å reparere eksisterande vassleidning har me anbefalt å etablere nytt anlegg frå ny kommunal kum på gnr. 110 bnr. 1 ved Lammanesvegen. Det vert etablert ein ny VL frå kommunal kum 2840, til ny kum på 110/76. Eit strekk av leidningstrasèen vert i borehol under 110/84 og 110/96. Frå den nye kummen vert det lagt ny VL mot sjø, der eldre VL vidare utover Lammaneset vert kopla saman med den nye .Frå same kummen vert det lagt nye VL til alle eigedomane som er tilkopla før sjøen. Den gamle vassleidningen vert plugga i eksisterande kum på 110/55.

**Avlaupsanlegg**

Det vert etablert pumpestasjon på 110/76 med fall-leidning frå Lammanesvegen, slik at dei som naturleg har fall til pumpestasjonen kan kople seg til. Pumpeleidningen vert tilkopla kommunal kum 2879. Eit strekk av leidnings trasé i borehol under 110/84 og 110/96. Det er 4 eigedomar som har ønskje om tilkopling i første omgang: 110/64, 75, 76 og 85. Til 110/56 vert det lagt fram stikkleidning. Her er ikkje hytta klar for innvendig va.

Det er oppretta eit «Tingsrettslig sameie»for avlaupsanlegget: Sameiet Kokevågen Spillvannsanlegg, som inkluderer gnr. 110 bnr. 56, 64, 75, 76 og 85.

Det er også planlagt å etablere stikkleidningar for va til 110/82 og 110/67. For 110/67 vert det lagt stikkleidning ut av fellesgrøft i første omgang. Her kjem det eigen søknad om vidareføring til eigedomen.

Vedlagt situasjonsplan viser va-anlegget, vedlegg D1. Det vert isolert over va-leidningane der det ikkje vert nok overdekking på 1,2 m.

#### Dispensasjon.

Det er gitt generell dispensasjon for tilkopling av va innanfor 200 meters belte, vedlegg B1 – B2.

#### Omsynssone 7.3 Faresone flaum

Deler av tiltaket er registrert i «omsynssone faresone flaum» i arealdelen til kommuneplanen. Det er i dag også kommunale va-leidningar innanfor den same sona.

Nye va leidningar er planlagt til å liggje på frostfri djupne med overdekking på 1,20 m.

Topplaget vert etablert med myrjord. Dette vil beskytte va-leidningane mot utvasking ved ein normal flaum. Pumpestasjonen vert sikra med forankring for å unngå oppdrift ved høg vass-stand og eventuell flaum.

#### Nabovarsel

Me søker om fritak for nabovarsling, jfr. pbl. § 21-3 andre ledd. VA- leidningane vert nedgrave og det er berre loket til kummer og pumpestasjonen som vert synleg. Eigedomar som va-leidningane går over har gitt løyve, vedlegg Q1-Q5. Erklæring frå eigar av 110/1, som gir 110/64 rett til å leggja va over denne eigedomen, vert ettersendt. Det same gjeld avtale med vegeigar på 110/1.

Det er gitt munnleg løyve til kommunal tilkopling på fellesleidningane, men me har ikkje motteke godkjenning. Søknad vart sendt 18 august 2023. Denne søknaden har fått saksnr. 23/2491. Søknad vedlagt som vedlegg I1. Godkjenning vert ettersendt.

Vedlagt er kopi av søknad om sanitærabonnement for tilkopling kommunalt avlaup for gnr. 110 bnr. 64, 75, 76 og 85, Vedlegg Q6-Q9. Søknadane vert også sendt i eigen e-post til VA-avdelinga.

Kommunale gebyr i denne saka skal etter avtale sendast til oss for fordeling mellom tiltakshavarane.

Med venleg helsing

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS



Tore Stokke